

**tips:**  
57 84 90 00  
**sms/mms:**  
fjt tips til 2399  
**epost:**  
fjt@fjt.no

# mot helg



## Takkar vêrinteressert familie

Lisbeth Håvik frå Almenning i Vågsøy har alltid vore interessert i vêret. Fredag disputerer ho for ph.d. i oseanografi.

– Eg har på ingen måte visst at det var dette eg ville drive med. På skulen var eg svært glad i matematikk og fysikk, så eg ville fortsette med det på studiet, forklarar 31-åringen.

Oseanografi er ei anvendt form for fysikk som ein kan relatere til havet.

– Dette synest eg er svært spennande. Å vekse opp i ein vêrinteressert familie har nok hjulpet på interessa, forklarar Håvik, som i løpet av tida på universitetet har vore med på tokt både til Arktis og Antarktis og fått eit breitt nettverk med mange internasjonale kollegaer.

Opgåva som Håvik skal disputere heiter «The East Greenland Current system north of Denmark Strait». Disputeringa er ei formell godkjenning av arbeidet.

– Doktorgrada mi handlar om autsgrønlandsstraumen. Det er denne straumen som fraktar det relativt varme vatnet som kjem til våre breiddegradar med forlenginga av Golfstraumen, tilbake sørover til Atlanterhavet. Vi har studert korleis straumen varierer både i tid og rom, for å lære meir om korleis den storstilte sirkulasjonen i Atlanterhavet blir påverka av straumane mellom Norge og Grønland.

Håvik fortel vidare at det har vore krevjande å ta doktorgrad, men at det med god rettleiing og spennande arbeid har vore ei kjekk tid.

– Eg er glad i å lære meg nye ting og det er nettopp det ei doktorgrad handlar om. Derfor har eg trivst godt med arbeidet.

Håvik bur i dag på Frekhaug nord for Bergen saman med sambuaren Patrik og dottera deira Johanna.

– Eg flytta til Bergen for å studere meteorologi og oseanografi i 2006, og fullførte mastergrad ved Universitetet i



**TRIVEST GODT:** Lisbet Håvik får Almenning i Vågsøy disputerer for ph.d.-grada si i oseanografi fredag. Her frå sjøisen nord for Svalbard i april 2015. – Her har vi akkurat fått etablert camp og starta målingane av turbulens i havet under sjøisen, forklarar 31-åringen, som seier arbeidet har vore givande. – Eg er glad i å lære meg nye ting og det er nettopp det ei doktorgrad handlar om. **ALLE FOTO: PRIVAT**



**ARBEIDSFORHOLD:** Lisbeth Håvik var på forskingsskipet Lance i tre veker. Stort sett i temperaturar frå -10 til -20.

Bergen i 2011 innan fysisk oseanografi. I studietida var eg også eit halvår på Universitets-



**MÅLERIGG:** Her er 31-åringen om bord på Håkon Mosby i August 2016. – Vi held på med førebuingar av instrument som skal settast ut på ein målerigg som skal stå på havbotnen i det vestlege Islandshavet i to år, forklarar Håvik.

senteret på Svalbard. Etter mastergraden arbeidde ho i nokre år i StormGeo

før ho starta på doktorgrada i fysisk oseanografi i 2014. – I løpet av doktorgrada var

eg på utveksling til eit verdskjent oseanografisk institutt utanfor Boston frå hausten 2016 til mars 2017, fortel ho.

No er 31-åringen klar for nye utfordringar.

– Planen vidare er først å ha ein lang juleferie, før eg skal ta fatt på ny stilling som rådgjevar i sjøforsvaret etter nyttår.

### LIKESTILT

Reportasjeserie som vart starta i Fjordenes Tidende i mars 2017. Prosjektet har som mål å gi eit bilde av kvinner sin kvardag i 2018, samt å få fleire kvinnelege kjelder i avisa.

**MARIANNE SOLHEIM ROTHAUG**  
marianne@fjt.no